



# Nissedal kommune

## Eining for skule

«MOTTAKERNAVN»  
«ADRESSE»  
«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Dykkar ref.	Vår ref.	Sakshandsamar:	Arkivkode:	Dato:
«REF»	2018/959-13	Reidun Carol Retterholt,35048482 reidun.retterholt@nissedal.kommune.no	033	27.03.2019

### Referat frå møte i SMU 18.03.19

Desse møtte: Reidun C Retterholt, Bjarne Reime, Hildegunn Rønningen, Marit Madsen, Carina Olsen, Homme, Frida Brekke og Bjørn Leirvik.  
Forfall: Ragnar Aarak og Lars Brynjulf Nordbø

Rektor Reidun leia begge møta. Ho ynskta velkomen og orienterte litt om pågåande venskapsveke. Ho fortalde vidare om bakgrunnen for ny representasjon frå FAU. Marjan Wouts har trekt seg frå vervet som FAU-leiar, og dermed som representant i SU og SMU. Hildegunn Rønningen er valt til ny leiar i FAU, Ragnar Aarak til nestleiar.

#### Sakliste SMU

##### 1. Drøfte om utvalet blir informerte om saker som angår skulemiljøet.

Rektor orienterer om korleis det er blitt og blir arbeidd med saka om rusmiddelbruk i ungdomsskulen. Eit program som heiter «Sterk og klar» vert innført. Dette er eit foreldreveiledingsprogram frå Helsedirektoratet med kurskveldar. Førelasarar utanfrå kan vere eit pluss. Møte med 10. klasseforeldra er planlagt, tema om det å flytte på hybel. MOT-programmet er også vurdert innført. Vidare er regelmessige besøk frå politiet avtalt, tema for deira besøk no i vår er bilete-delning på nett/mobil.

##### 2. Resultat av elev- og foreldreundersøkinga (sjå vedlegg)

Reidun synest svara gjennomgåande er til å vere godt nøgde med. Ho peikar likevel på at nokre spørsmål har ein låg samla skåre:

«... Det meste jeg lærer på skolen vil eg få nytte av senere i livet...» Skåre 2,9

«... Lærerne legger til rette for at jeg kan bruke praktiske arbeidsmåter...» Skåre 2,8

Bjarne Reime påpeikar eit misforhold mellom svara foreldra gir på eit spørsmål om dei støttar borna/elevane i skulearbeidet, og det elevane sjølve opplever at dei får av støtte. Hildegunn meiner at nokre av spørsmåla er dårleg formulerte, og kan gi upresise svar. Bjarne tolkar eit av svara på eit spørsmål som at foreldre synest dei kanskje treng meir orientering frå skulen om korleis dei faktisk skal hjelpe. Han er vidare litt uroa av at såpass mange elevar svarer at dei er redde for at dei kan bli gjort narr av. Reidun fortel at når ho går inn i bakgrunns materialet ser ho at dette særleg gjeld ei klasse. Her har dei teke opp saka med elevane, foreldra har også vore involverte. Hildegunn lurar på kor mykje foreldra til eit ev mobbeoffer har krav på å få vite om sanksjonar og det skulen tek opp med foreldre til mobbar/-ar. Reidun svarer at foreldre har ganske store rettar til å få vite kva som er gjort. Unntak kan t.d. vere ting som sorterar under

barnevern. Skulen har hatt gode erfaringar med møter der begge partar har møtt saman. Svarprosenten frå foreldra var denne gongen så høg som omtrent 70, eit høgt tal. Hildegunn poengterer kor viktig det er med eit engasjert FAU, vi treng ikkje vere samde om alt. Ho får støtte for dette.

### 3. Resultat budsjett

Skulen sitt totale forbruk var sist år mellom 98 og 99 prosent av budsjett, godt budsjettert! (På direkte spørsmål orienterte Bjarne kort om kommunestyret sitt vedtak om rammene for utbygginga av Kyrkjebygda oppvekstsenter. Visse reduksjonar i planar mot det som var tenkt frå starten.)

### 4. Status prosjekt «Inkluderande barnehage- og skulemiljø»

- A. Klasseleing: Dette har vore tema i utviklingstid for lærarane no i vinter, og dei skal også få litt tid til å lære av kvarandre gjennom gjensidige besøk. Det har vore arbeid med auka bevisstgjerung av kva god klasseleing faktisk er. Hildegunn etterspør om det finst nokre felles standardar innan einskilte område når det gjeld klasseleing, gode «køyrereglar»?
- B. Spisevakter: Rektor orienterer om ordninga. Til kvar klasse er det innkjøpt spel. Politisk representant synest det er ei god ordning, det same gjer ein elevrepresentant. Ho kunne tenkt seg at spel og kortstokkar var på klasseroma permanent. Reidun forklarar at grunnen til at dei ikkje er på klasseroma heile tida er for å bevare dei. Bjarne spør vidare om bruken av vaksne i garderoben i samband med gym og symjing, typiske arenaer for mobbing. Reidun forklarar at dei kontinuerleg vurderer behovet, og at det i mange klasser er ein vaksen både i jente- og gutegarderoben.

### 5. Miljøterapeut 100% stilling

Det er tilsett miljøterapeut i 100 % stilling midlertidig, ut skuleåret 19/20. Stillinga er særskilt retta mot ungdomsskulen, men vert også nytta litt på mellomsteget. Stillinga er overført frå Kåsa, og var såleis ikkje utlyst på ordinær måte.

### 6. Eventuelt

- Elevrepresentant spør om bakgrunnen for innføring av læringsbrett. Reidun viser til planverk som legg opp til auka bruk av digitale verktøy. Våre elevar får læringsbrett levert med deksel. Forventa levetid er ca. 3 år. Det er viktig å vite når vi skal bruke læringsbrett, og når vi ikkje skal gjere det.
- Mobilhotell, Hildegunn spør om når det er klart? Veldig snart, svarer Reidun, ventar på reservenøklar.
- Dekke i ballbingen. Ny type underlag vert vurdert i samband med søknad om spelemidlar neste skuleår.
- Fridag for elevar som møtte på ettermiddagsarrangement komande onsdag. Øvrige elevar må møte til timar i trivselsveka.

Referent: Bjørn Leirvik

Med helsing

Reidun Carol Retterholt  
Rektor Tveit skule/Nissedal ungdomsskule

*Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ikkje underskrift.*